



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

Vestnes, 7. februar 2017

Til medlemmene i kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

MØTE NR.: 1/17

TID: 14.2.2017 kl. 13:00

STED: Formannskapsalen, Vestnes kommunehus

SAKSLISTE:

UTV. SAKSNR. TITTEL

PS 01/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16. NOVEMBER 2016
PS 02/17	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 03/17	BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT
PS 04/17	REVISJONEN SIN RAPPORT TIL KONTROLLUTVALET FOR 2. HALVÅR 2016
PS 05/17	KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2016
PS 06/17	MØTEPLAN FOR 2017
PS 07/17	OPPFØLGINGSLISTE
PS 08/17	EVENTUELT

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall vert melde på tlf. 71 11 15 79, evt. mob 91 37 11 12.

E-post: jane.anita.aspen@molde.kommune.no

Innkallinga går som melding til varamedlem som vert innkalla etter behov.

Stig Holmstrøm (s)
leiar

Jane Anita Aspen
daglig leder

Kopi:

Ordførar

Administrasjonssjef

Kommunerevisjonsdistrikt 2 M & R



VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2017-1535/01
Arkiv: 033 &17
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 25.1.2017

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 01/17	Kontrollutvalet	14.2.2017

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16. NOVEMBER 2016

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 16. november 2016 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer protokollen frå førre møte. Protokollen er tidlegare utsendt. Det er ikkje kome merknader til protokollen.

Protokollen vert formelt godkjent i påfølgande møte samtidig som det vert valt to medlemmer til å signere protokollen.

Jane Anita Aspen
daglig leder



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 5/16
Møtedato: 16.11.2016
Tid: Kl. 13.00 – kl. 15.30
Møtestad: Formannskapssalen, Vestnes kommunehus
Sak nr: 32/16 – 39/16
Møteleiar: Stig Holmstrøm, leiar (Ap)
Møtande medlemmer: Dagfinn Wiik (Pp)
Frank Ove Belsvik (Frp)
Gro Ødegård, nestleiar (H)
Forfall: Birgit Torkildson Grotle (Ap)
Ikkje møtt: Ingen
Møtande vara: Lars Christian Fjærtøft (V)
Frå sekretariatet: Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen: Einar Andersen, forvaltningsrevisor
Av øvrige møte: Tone Roaldsnes, administrasjonssjef
Magne Værholm, Kommunalsjef økonomi/plan (under sak 35/16)
Geir Inge Lien, ordførar (under sak 33/16-39/16)
Mona Johanssen, driftsleiar (under OS 17/16)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Sekretær fremja forslag om ei ny orienteringssak OS 18/16. Når det gjeld OS 17/16, så vart det fremja forslag om å halde den rett etter sak 32/16.

Innkalling og sakliste vart godkjent med desse endringane.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 32/16	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 3. OKTOBER 2016
PS 33/16	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 34/16	ØRSKOGFJELL SKISENTER AS -MØTEAVVIKLING
PS 35/16	VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT PR. 3. KVARTAL
PS 36/16	FORVALTNINGSREVISJONSREVISJONSPROSJEKT «OPPFØLGING AV FLYKTNINGAR OG INNVANDRARAR» - PROSJEKTPLAN
PS 37/16	NKRF SIN KONTROLLUTVALSKONFERANSE I 2017. DELTAKING
PS 38/16	OPPFØLGINGSLISTE
PS 39/16	EVENTUELT

PS 32/16	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 3. OKTOBER 2016
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 3. oktober 2016 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Gro Ødegård
2. Frank Ove Belsvik

Kontrollutvalet si handsaming

Gro Ødegård og Frank Ove Belsvik vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles tilråding frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 3.oktober 2016 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

PS 33/16	REFERAT OG ORIENTERINGAR
-----------------	---------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Referatsaker:

- | | |
|----------|---|
| RS 17/16 | Kontrollutvalet- budsjett for kontroll og tilsyn 2017 , Saksprotokoll Vestnes kommunestyre 27.10.2016, sak 94/2016. |
| RS 18/16 | Kontrollutvalet – Plan for selskapskontroll 2016-2019 , Saksprotokoll Vestnes kommunestyre 27.10.2016, sak 95/2016. |
| RS 19/16 | Kontrollutvalet – Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019 , Saksprotokoll Vestnes kommunestyre 27.10.2016, sak 96/2016. |
| RS 20/16 | Høringsuttalelse – NOU 2016:4 Ny kommunelov , uttale frå Forum for kontroll og tilsyn (FKT) datert 30.9.2016. |
| RS 21/16 | Høring – NOU 2016:4 Ny kommunelov , uttale frå Norges kommunerevisorforbund (NKRF) datert 7.10.2016. |
| RS 22/16 | Avvikling av kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal , brev datert 24.10.16 frå Kommunerevisjonsdistrikt 2 til deltakarkommunane. |

- RS 23/16 **Strategi for ÅRIM – Offentleg ettersyn**, brev til høyringsinstansane datert 31.10.16
- RS 24/16 **Varsel om innkalling til nytt konstituerende representantskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS**, brev datert 4.11.2016 frå utredningsleder Asmund Kristoffersen til medlemskommunane i Møre og Romsdal Revisjon IKS.
Sekretær opplyser at selskapet vart stifta på nytt i representantskapsmøte 4.11.2016.

Orienteringssaker:

- OS 17/16 **Orientering om oppfølging av A-feil etter tilstandsvurdering av alle leikeplassar.**
Driftsleiar Mona Johansen opplyser at kommunen brukar eit elektronisk meldesystem for å registrere opplysningar ved ettersyn av leikeapparat. I dette systemet er det ein eigen modul for avviksrapportering knytt til leikeapparat.
Johansen opplyser at den daglege kontrollen av leikeapparat ved skular og barnehagar vert gjennomført av tilsette i skule og barnehage. Dette gjeld det som dei lett kan sjå. Dei tilsette har eit eige system for utkvitring.

To gonger i året, oktober og april, vert det gjort ein grundig kontroll av leikområda. Denne vert utført av vaktmeister og driftsleiar. Då vert alle apparat skjekka og feil som vert oppdaga vert kategorisert i A-feil (fare for kveling/død), B-feil (feil som kan føre til kutt eller klemskadar), minder helseskader og skadar på overflate.
I år har dei hatt spesielt fokus på fallunderlag; kva stoff inneheld fallmattene?, påfylling av sand/oppfresing, kva type fallunderlag passar til kva apparat?
Driftsleiar Mona Johansen opplyser at i 2017 vil dei ha eit spesielt fokus på gjennomgåande feil.

Den siste kontrolltypen som vert gjennomført er temakontroll. Det var slik som vart gjennomført av ekstern konsulent i 2014. Planen er å gjennomføre ny temakontroll med ekstern konsulent i 2017.

Johnsen opplyser at dei også har starta på arbeidet med å få oversikt over øvrige leikeplassar i kommunen, t.d. i bustadfelt. Så langt har dei kartlagt 12 leikeområder utanom skolar og barnehage. Det er naudsynt å få oversikt over desse leikeområda, for å komme i dialog med dei som har ansvaret for leikeplassen. Det er dei som «eig» leikeapparata, som har ansvaret.

- OS 18/16 **Tilbakemelding frå revisor til sak 26716 Revisjonsplan for revisjonsåret og spørsmål fra kontrollutvalget til planen**, brev datert 11.11.2016 frå
Kommunerevisjonsdistrikt 2 ved revisor Anne Oterhals til kontrollutvalet i Vestnes.

Brevet vart utdelt i møte. Revisor hadde ikkje høve til å vere tilstades i kontrollutvalsmøte 16.11.2016.

Det vart konkludert med at medlemmen skulle lese brevet etter møte. Dersom nokon av medlemmen synes det er behov for nærare orientering frå revisjonen, så tek utvalsmedlemmene kontrakt med sekretær som bed revisor om å vere tilstades i neste møte.

Dagfinn Wiik tiltredde møte kl. 1315, under OS17/16 som vart behandla først.
Utvalet fatta samrøystes vedtak om at han fekk delta i diskusjonen og behandling av saka (4 voterande)

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet oppmodar om at Ørskogfjell skisenter AS og andre aksjeselskap som er heileigd av Vestnes kommune, følgjer kommunelova sine reglar om møteoffentlegheit.

Kontrollutvalet si handsaming

Nestleiar Gro Ødegård tok innleiingsvis opp til drøfting si eiga habilitet, då ho er svigerinne til eit av styremedlemmene i Ørskogfjell Skisenter AS.

Utvalet (4 voterande) gjorde eit samrøstes vedtak om at Gro Ødegård er ugild til å delta i handsaming av denne saka jf. Forvaltningslova § 6 1. ledd, bokstav b).

Sekretær opplyste at som leiar av generalforsamlinga i Ørskogfjell skisenter AS vil ordførar Geir Inge Lien vere ugild til å delta i behandlinga/debatten i denne saka, då selskapet vil vere part i saka, jf. forvaltningslova § 6 1. ledd bokstav e).

Sekretær opplyste at det kjem fram i rettleiaren «Habilitet i kommuner og fylkeskommuner» at «Selskapet vil normalt være part når kommunen gjennomfører kontrollhandlinger mot selskapet, for eksempel ved at kontrollutvalget beslutter å iverksete kontroll av selskapet etter kommuneloven § 77 nr.5». Den kartlegging som her er gjort i denne saka vil kunne vere rekna som ei førebuing til ei vurdering av selskapskontroll.

Sekretæren hadde før møte bede om at ordførar Geir Inge Lien, som leiar av generalforsamlinga, var tilstades i møte for å kunne svare på eventuelle spørsmål frå utvalet. Utvalet diskuterte om det vart rett at han kunne svare på spørsmål, når han var ugild til å delta i behandlinga av saka. Utvalet konkluderte med at han då heller ikkje kunne svare på spørsmål frå utvalet.

Utvalet (4 voterande) gjorde eit samrøstes vedtak om at Geir Inge Lien er ugild til å delta i handsaming av denne saka jf. Forvaltningslova § 6 1. ledd, bokstav e).

Leiar av kontrollutvalet, Stig Holmstrøm, viste til KommuneLOVA § 80 innsyn og undersøkelser i selskaper, som seier at «...Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møte i representantskap og tilsvarende organ.»

Sekretær kan opplyse at av selskap som Vestnes kommune er eigar i, så er det berre ÅRIM som praktiserer dette kravet.

Kontrollutvalsleiar opplyser at det 14.11.16 vart halde ny ekstraordinær generalforsamling i Ørskogfjell Skisenter AS. Administrasjonssjef Tone Roaldsnes informerer om at det der vart valt nytt styre. Knut Flølo har trekt seg frå styre. Det vart valt tre nye styremedlemmer, slik at det no er 5 medlemmer i styret mot tidlegare 3. Vedtektene seier at styret skal ha 3-5 medlemmer.

Administrasjonssjefen påpeika at det kan vere komplisert når folkevalde organ utgjer bedriftsforsamling i eit aksjeselskap, fordi det er aksjelova som gjeld for aksjeselskap og ikkje kommunelova.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

Gro Ødegård tiltredde som utvalsmedlem før handsaming av neste sak.
Ordførar, Geir Inge Lien, hadde talerett under resten av møtet.

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek driftsrapport pr. 3. kvartal 2016 til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Kommunalsjef Magne Værholm og administrasjonssjef Tone Roaldsnes svarte på spørsmål frå utvalsmedlemmene.

Det vart mellom anna stilt spørsmål om det er råd å vere meir konsekvent i bruk av + og – i oversiktene, om uteståande fordringar, om alt som står på investeringsbudsjettet er investeringar og ikkje vedlikehald og om løyvinga frå fylkeskommunen til sjøfronten framleis står ved lag.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Kontrollutvalet sitt vedtak

På bakgrunn av tidlegare utgreiing frå administrasjonen, nedlegging av asylmottaket og framlagt prosjektplan frå revisjonen, ønskjer kontrollutvalet ikkje å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet ga uttrykk for at notatet «Vestnes kommune sitt arbeid for asylsøkjjarar og busette flyktningar – rapport til kommunestyret 2016» som rådmannen la fram for kommunestyret i vår, var informativt og gir gode svar på fleire av problemstillingane i prosjektplanen.

Utvalsmedlem Dagfinn Wiik ynskjer at om prosjektet skal vere interessant å kjøre, så må ein sjå på økonomiske konsekvensar og konsekvensar for dei ulike etatane som helse, barnevern osv.

Sekretær understreker at utvalet kan endre på problemstillingane, ta bort eller legge til nye problemstillingar.

Utvalsleiar Stig Holmstrøm framsette følgjande forslag til vedtak:

På bakgrunn av tidlegare utgreiing frå administrasjonen, nedlegging av asylmottaket og framlagt prosjektplan frå revisjonen, ønskjer kontrollutvalet ikkje å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet.

Kontrollutvalet røysta over framsett forslag opp mot sekretariatet si tilråding.

4 medlemmer røysta for det framsette framlegget frå Stig Holmstrøm. Sekretariatet si tilråding falt med 1 røyst (Pp). (5 voterande)

Sekretariatet vert bede om å førebu ny sak om bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt til første møte i 2017. Bestillinga skal gjerast med utgangspunkt i nyleg vedteken plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019.

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet godkjenner den framlagte prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet ” Oppfølging av flyktningar og innvandrarak ” med dei merknadar og tilføyingar som måtte framkome i møtet. Prosjektplanen dannar grunnlaget for gjennomføringa av prosjektet.

PS 37/16	NKRF SIN KONTROLLUTVALSKONFERANSE I 2017. DELTAKING
----------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Leiar Stig Holmstrøm og nestleiar Gro Ødegård deltar på NKRF sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 1. og 2. februar 2017.

Dersom nokon må melde forfall, så får Birgit Torkildson Grotle tilbod om å delta.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalsleiar Stig Holmstrøm framsette følgjande forslag til vedtak:

Leiar Stig Holmstrøm og nestleiar Gro Ødegård deltar på NKRF sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 1. og 2. februar 2017.

Dersom nokon må melde forfall, så får Birgit Torkildson Grotle tilbod om å delta.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med forslag frå Stig Holmstrøm. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

..... deltar på NKRF sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 1. og 2. februar 2017.

PS 38/16	OPPFØLGINGSLISTE
----------	------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Internkontroll i Vestnes kommune

Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet ønskjer orientering om Vestnes kommune har starta arbeidet med å etablere eit heilskapleg system for internkontroll og avviksrapportering.

16.11.16: Orienteringa som var etterspurt til dagens møte vert utsatt til etter nyttår, og vert etter tilråding frå adm.sjefen, halde samstundes med orienteringa om «Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma»

Oppfølging av A-feil etter tilstandsvurdering av alle leikeplassar

Kontrollutvalet forventar at kommunen har rutinar på straks å fjerne/utbetre leikeapparat med A-feil. Kontrollutvalet ønskjer ei ny orientering om oppfølging av tilstandsrapporten i neste møte, samt orientering om ansvaret til kommunen knytt til andre leikeapparat i kommunen t.d. i regi av velforeiningar.

16.11.16: Driftsleiar Mona Johansen orienterte i dagens møte jf. OS 17/16. Utvalet ønskjer å få tilsendt liste som er laga med oversikt over leikeapparata og type feil som var avdekka ved siste kontroll.

Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma

Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennom-førte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventar å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Kontrollutvalet ønskjer å få ei orientering frå administrasjonen om dette området i kontrollutvalet sitt møte 16.11.16

16.11.16: Fylkesmannen har bede om meir dokumentasjon. Orienteringa vert etter tilråding frå adm.sjefen utsett til etter fylkesmannen har avslutta sitt tilsyn.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet gjekk i gjennom dei sakene som står i oppfølgingslista.

Til dette møtet var det lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til følgjande sak på oppfølgingslista:

- Oppfølging av A-feil etter tilstandsvurdering av alle leikeplassar

Det vart ikkje fremja forslag om å føre opp nye saker på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

PS 39/16	EVENTUELT
-----------------	------------------

Fastsetjing av dato for kontrollutvalet sitt første møte i 2017

Kontrollutvalet sine medlemmer støtta sekretariatet sitt forslag til dato for første møte i 2017, **tysdag 14. februar.**

Stig Holmstrøm
leiar


Gro Ødegård
nestleiar

Dagfinn Wiik

Frank Ove Belsvik

Lars Christian Fjærtøft

Jane Anita Aspen
sekretær



VESTNES KOMMUNE

Kontrollutvalet

Saksmappe: 2017-1535/01
Arkiv: 033 & 17
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 7.2.2017

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 02/17	Kontrollutvalet	14.2.2017

REFERAT OG ORIENTERINGAR

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Bakgrunn for saka


Referatsaker:

- RS 01/17 **Avvikling av kommunerevisjonsdistrikt 2** – vedtak i Vestnes kommunestyre 24.11.2016, sak 111/2016 (vedlagt)
- RS 02/17 **Kommuneplanens handlingsdel med økonomiplan 2017-2020** – Vedtak i Vestnes kommunestyre 24.11.2016, sak 110/2016 (vedlagt)
- RS 03/17 **Delegeringsreglement for Vestnes kommune 2016-2019** – vedtak i Vestnes kommunestyre 27.10.2016, sak 101/2016 (vedlagt saksprotokoll og reglement)
- RS 04/17 **Reglement for kommunale organ i Vestnes kommune** – vedtak i Vestnes kommunestyre 27.10.2016, sak 100/2016 (vedlagt saksprotokoll og reglement)
- RS 05/17 **Referat fra konstituerende representantskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS, 14.11.2016** (vedlagt)
- RS 06/17 **Referat fra representantskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS, 10.1.2017** (vedlagt)
- RS 07/17 **Budsjett 2017 for revisjon – pensjonsforpliktelser til tidligere ansatte**, brev datert 31.1.2017 frå Kommunerevisjonsdistrikt 2 til eigarkommunane (vedlagt).
- RS 08/17 **Protokoll frå møte i styret for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal** 30.11.2016 (vedlagt).
- RS 09/17 **Innkallingar til møte i generalforsamling – kommunelova § 80**, e-post datert 22.11.2016 frå administrasjonssjef i Vestnes kommune til kommunen sine heileigde aksjeselskap (vedlagt).
- RS 10/17 **Svar på oppdrag om å vurdere virkemidler for å fremme økt utsortering av våtorganisk avfall og plastavfall**, e-post datert 27.1.2017 frå ÅRIM til eigarkommunane (vedlagt).

Orienteringssaker:

- OS 01/17 **Endring i forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning-kortsiktige lån** – brev frå Kommunal og moderniseringsdepartementet til kommunane datert 15.11.2016 (vedlagt)
- OS 02/17 **Informasjonsskriv 1/2016 – Valgt revisors ansvar for revisjonsoppgaver utført av andre**, skriv til NKRF sine medlemmar frå NKRF sin Forvaltningsrevisjonskomité, datert 8.12.2016 (vedlagt)
- OS 03/17 **Informasjonsskriv 7/2016 – Revisors vurderinger av vesentlighet med vekt på planleggingsfasen ved revisjon av regnskaper i kommunal sektor**, skriv til NKRF sine medlemmar frå NKRF sin Revisjonskomité, datert 15.11.2016 (vedlagt)
- OS 04/17 **Forbundsbasert kvalitetskontroll vedr. Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal – 2016**
Kopi av rapport frå NKRF sin kvalitetskontrollkomite - forbundsbasert kvalitetskontroll utført 2016, samt Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal sine kommentarar til kontrollen (Unntatt offentleg jf. offentleglova § 13 og forvaltningslova § 13, 1.ledd nr. 2. Vedlegga vert delt ut i møte)
- OS 05/17 **Presentasjon av Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal si nettside www.kontrollutvalgromsdal.no**

Jane Anita Aspen
daglig leder



VESTNES KOMMUNE

Servicekontoret

Særutskrift – Melding om vedtak

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tlf
28.11.2016	«REF»	16921/2016	2008/1820	Ellen Eiknes Forland 71 18 40 08

Avvikling av kommunerevisjonsdistrikt 2 - vedtak i Vestnes kommunestyre sak 111/2016

Oversender med dette vedtak i Vestnes kommunestyre sak 111/2016

Saksprotokoll i Kommunestyret - 24.11.2016

Vedtak:

1

Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal blir avvikla då oppgåvene no blir ivaretekne av Møre og Romsdal Revisjon IKS frå 1.10.2016 jf. Vestnes kommestyre sitt vedtak i sak 45/2015 om å inngå som deltakar i Møre og Romsdal Revisjon IKS.

2

Overskott/underskott i Kommunerevisjonsdistrikt 2 blir fordelt på eigarkommunane etter fordelingsnøkkel som tilsvarer storleiken på det årlige tilskottet den einskilde kommune betalte i 2016.

Helsing

Ellen Eiknes Forland
arkivleiar/politisk sekretær



VESTNES KOMMUNE

Servicekontoret

Særutskrift – Melding om vedtak

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
Rådhusplassen 1
6413 MOLDE

Dato
28.11.2016

Dykkar ref.

Vår ref.
16919/2016

Saksnr.
2016/1417

Saksbehandlar / Tlf
Ellen Eiknes Forland
71 18 40 08

Kommuneplanens handlingsdel med økonomiplan 2017 - 2020 - vedtak i Vestnes kommunestyre sak 110/2016

Oversender med dette vedtak i Vestnes kommunestyret sak 110/2016

Saksprotokoll i Kommunestyret - 24.11.2016

Vedtak:

Føresetnad her er at Fiksdal skule
vert lagt ned når ny ungdomsskule
er ferdig

Tresfjord trygdeheim vert lagt ned
når nytt helse- og velferdssenter er
ferdig.

Eigedomsdrift

Fiksdal skule lagt ned	450
Tr. Trheim lagt ned	800
Nytt hus rimelegare i drift enn v. sjukeheim	500
Ytterlegare red. ramme ieigedomsdrift	1750

Grunnskule

Fiksdal til Tomrefjord, spart 2 klasser	1500
1 ungdomsskule, snitt spart 1 - 2 klasser	1500
Generell sparing	1000
Ytterlegare red. grunnskule	4000

Helse- og omsorg

Red. 11 plasser. Tr.trheim koster i dag 687.000,-	7,6 mill. kr
auka heimetenesene 7 årsvrk	- 4,2 mill. kr
Brukarar betaler husleige mat m.m.	1,0 mill.
Ytterlegare reduseret ramme	4 400

Postadresse:
Rådhuset
6390 Vestnes
www.vestnes.kommune.no

Telefon:
71 18 40 00

Telefaks:
71 18 40 01

Org.nr.
939 901 965

E-post: postmottak@vestnes.kommune.no

Rente og avdrag

Redusere rentesats 3,0% til 2,5 %

1,5 mill. kr

1,5

Redusere noko på avdrag, minimumsavdrag

mill.kr

3 000**Samla reduserte utgifter****13 150****Ny oversikt utgifter**

Alle tal i 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett	Budsjettframlegg			
	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Politisk verksemd	6 279	6 225	6 450	6 250	6 450	6 250
Sentraladm./serv.kt./fellesutg	17 386	27 298	27 000	27 000	27 000	27 000
- Sparetiltak			-300	-300	-300	-300
Grunnskule	74 211	74 613	78 636	78 636	78 786	78 786
- Sparetiltak			-1 000	-1 000	-1 000	-5 000
Barnehagar	39 954	39 952	41 400	41 400	41 400	41 700
- Sparetiltak						-300
Kulturskolen, kultur og fritid	12 619	13 630	14 500	14 500	14 500	14 500
Helse, omsorg, velferd	127 717	133 567	138 300	138 300	138 300	138 950
- Sparetiltak			-1 000	-2 000	-2 000	-6 400
Bu- og habiliteringstenesta	109 949	116 166	121 100	121 100	121 100	121 100
- Redusert ramme			-1 000	-3 000	-4 000	-5 000
Barne- og ungdomstenestene	24 137	20 391	29 100	29 100	29 100	29 100
Vaksenoppl. /flyktninge-tenesta	5 231	9 630	9 900	9 900	9 900	9 900
Eigedomsdrift	27 129	26 128	26 000	26 000	26 000	26 000
- Sparetiltak			-500	-500	-500	-2 250
Tekniske tenester	13 194	14 118	14 500	14 500	14 500	14 500
- Sparetiltak			-300	-300	-300	-300
Kjøp tenester Tremek	2 720	2 600	2 500	2 400	2 300	2 200
Sum driftsutgifter	460 526	484 318	505 286	501 986	501 236	490 436
Renter og avdrag	35 777	23 300	25 000	26 200	27 400	42 100
Ekstra pensjonsutgifter				1 000	2 000	3 000
Lønsoppgjjer 2017			5 000	5 000	5 000	5 000
Sum totale utgifter	496 303	507 618	535 286	534 186	535 636	540 536

Ny oversikt Inntekter

Her er ingen auke i eigdomsskatten i 2020


Alle tal i 1000 kr	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Driftsinntekter eksterne						
Skatt og inntektsutjamning	167 968	176 500	182 400	182 400	182 400	182 400
Rammeoverføring	142 573	147 900	155 700	159 700	162 800	165 800
Ekstra skjønnstilskott	2 450	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Vertskommunetilskott	102 000	103 000	102 600	100 600	98 600	96 600
Ressurskr. brukarar	22 600	21 000	27 000	27 000	27 000	27 000
Asyl og integreringstilskott	10 256	12 500	12 000	12 000	12 000	12 000
Eigedomsskatt	9 112	9 500	19 000	19 000	19 000	19 000
Oppdrettskons. kommuneandel	0		3 000		3 000	
Komp eldreutb/skule m.m.	2 892	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Driftsinntekter	459 851	474 400	505 700	504 700	508 800	506 800
Finnansinntekter						
Utbytte VEAS	4 800	5 300	5 000	5 000	5 000	5 000
Kalkulatoriske inntekter	28 016	28 000	28 000	28 000	28 000	28 000
Finansinntekter	32 816	33 300	33 000	33 000	33 000	33 000
Sum eksterne inntekter	492 667	507 700	538 700	537 700	541 800	539 800

Ny hovudoversikt

Alle tal i 1000 kroner	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjettframlegg 2018	Budsjettframlegg 2019	Budsjettframlegg 2020
Driftsutgifter	460 526	484 318	505 936	502 636	501 886	490 436
Renter og avdrag	35 777	23 300	25 000	26 200	27 400	42 100
Ekstra til pensjon				1 000	2 000	3 000
Lønsauke 2017			5 000	5 000	5 000	5 000
Sum utgifter	496 303	507 618	535 936	534 836	536 286	540 536
Inntekter	492 667	507 700	538 700	537 700	541 800	539 800
Resultat		82	2 764	2 864	5 514	-736
Bruk av disposisjonsfond						736
Resultat etter bruk av fond						0
Resultat i % av driftsinntekter			0,7	0,7	1,2	0
Disposisjonsfond	755		3 519	6 383	11 897	11 161

Helsing

Ellen Eiknes Forland
arkivleiar/politisk sekretær



VESTNES KOMMUNE

Servicekontoret

Særutskrift – Melding om vedtak

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tlf
22.11.2016	«REF»	16723/2016	2016/1050	Ellen Eiknes Forland 71 18 40 08

Delegeringsreglement for Vestnes kommune 2016 - 2019 - vedtak i Vestnes kommunestyre

Saksprotokoll i Kommunestyret - 27.10.2016

Vedtak:

Vestnes kommune sitt delegeringsreglement 2016 – 2019 vert vedteke med følgjande endringar:

- Pkt 6.1: Nytt prikkpunkt: Godkjenne rammer og føringar i dei årlege lønsforhandlingane.
Pkt 8.1: prikkpunkt 6 tas ut.
Pkt. 17.3 Prikkpunkt 3 Plan- og bygningslova går i si heilhet ut.
Pkt. 17.3 Prikkpunkt 7 tilføyes: *herunder fastsetjing av løn* på slutten av setninga.

Helsing

Ellen Eiknes Forland
arkivleiar/politisk sekretær

Vedlegg:

- 1 vedlegg til delegeringsreglement for Vestnes kommune
- 2 Vestnes kommune _ delegeringsreglement 2016 - 2019

Postadresse:
Rådhuset
6390 Vestnes
www.vestnes.kommune.no

Telefon:
71 18 40 00

Telefaks:
71 18 40 01

Org.nr.
939 901 965

E-post: postmottak@vestnes.kommune.no



Vestnes kommune

DELEGERINGSSREGLEMENT

FOR

VESTNES KOMMUNE

2016 - 2019

Vedteke av Vestnes kommunestyre den 27.oktober 2016

1 Innleiing

Kommunestyret er det øvste styrande organ med overordna ansvar for den samla verksemda i kommunen, jfr. kommunelova § 6. Dette gjer at kompetanse/mynde som ikkje ligg til kommunestyret sjølv må vere delegert til andre gjennom eit delegeringsreglement. Kommunelova gir vide rammer for den retten kommunestyret har til å delegere avgjerdsmynde til andre politiske organ og til administrasjonssjefen, jfr. kommunelova §§ 8, 9, 10 og 23.

Kva er delegert mynde?

Delegering er overføring av fullmakt/mynde frå eitt organ til eit anna. Det betyr at den ein delegerer til, kan treffe avgjerder/gjere vedtak på vegne av det delegerande organ, og med same rettsverknader som om avgjerda var teken av det delegerande organ.

Kva kan delegerast?

Kommunelova og ein del særlover har ei "delegeringssperre", dvs ei sperre for einskilde avgjerder som **ikkje** kan delegerast frå kommunestyret. Elles er det opptil det einskilde kommunestyre kva saker/avgjerder som skal delegerast. Kommunelova skil også mellom prinsipielle og ikkje prinsipielle saker. Når det gjeld delegering til ordførar og administrasjonssjef, er det berre saker av ikkje prinsipiell karakter som kan delegerast.

Kva skal reknast for ei prinsipiell sak/avgjerd?

Ei sak vert oppfatta som ikkje prinsipiell når det ligg føre lover, forskrifter og andre retningslinjer for korleis ho skal behandlast, og/eller ein har praksis for behandling av tilsvarande saker.

Ei prinsipiell sak er ei sak som kan skape presedens, ei sak som er av politisk karakter, ei sak som krev ei brei skjønnsmessig vurdering, eller ei sak som medfører vesentlege overskridingar av budsjetttrammene som er sett av kommunestyret.

Hastesaker

Kommunestyret kan delegere si avgjerdsmynde i saker som skulle vore avgjort av anna organ når det er nødvendig at vedtak blir fatta så raskt at det ikkje er tid til å innkalle dette, jf. Kommunelova § 13. Melding om vedtak fatta i medhald av denne paragrafen skal føreleggast kommunestyret i neste møte.

Delegeringsreglement

Kommunelova § 39 fastset at kommunen skal ha eit delegeringsreglement. Føremålet med delegeringsreglementet er å gjere heile kommuneorganisasjonen og avgjerdsprosessane så effektive som mogeleg. Det skal sikre ei tydeleg mynde- og ansvarsavklaring mellom ulike politiske organ og mellom dei politisk organa og administrasjonssjefen, og det skal sikre rettstryggleiken. Av reglementet skal det også tydeleg gå fram kva organ som har innstillingsmynde.


Delegeringsreglementet skal reviderast minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter konstituering av nytt kommunestyre.

2 Reglar og prinsipp for utøving av delegert mynde

- 2.1 Delegert mynde skal utøvast i samsvar med lover og forskrifter, samt retningslinjer gjevne av kommunestyret eller det delegerande organ, her under kjem dei økonomiske rammene som er vedtekne for verksemda.
- 2.2 Delegert mynde til folkevalde organ kan delegerast vidare til underutval med mindre kommunestyret har bestemt noko anna.
- 2.3 Delegert mynde frå folkevalde organ til administrasjonen går til administrasjonssjefen – jfr. kommunelova § 23 nr. 4 og 24 nr. 1 - med mindre noko anna er heimla i særlov. Administrasjonssjefen kan delegere vidare til andre tilsette med mindre lov, forskrift eller kommunalt delegeringsvedtak er til hinder for det.
- 2.4 Delegering i økonomisaker skal skje i samsvar med Vestnes kommune sitt vedtekne økonomi- gjelds- og finansreglement.
- 2.5 Delegering på personalområdet skal skje i samsvar med Vestnes kommune sitt vedtekne permisjonsreglement , samt tilsetjings- og arbeidsreglement.
- 2.6 Det delegerande/overordna organet kan når som helst krevje å få lagt fram for seg til avgjerd ei sak som eit underordna organ og/eller administrasjonssjefen har til behandling i medhald av delegert mynde. Tilsvarende rett har administrasjonssjefen i saker han/ho har delegert vidare til andre i administrasjonen.
- 2.7 Det delegerande/overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit vedtak gjort av eit underordna organ/administrasjonssjefen etter delegert mynde når vilkåra for dette er oppfylte etter forvaltningslova § 35, uavhengig av om dette dreier seg om enkeltvedtak etter forvaltningslova eller ikkje. Tilsvarende rett har administrasjonssjefen i høve til vedtak som er gjort etter vidaredelegert mynde til andre i administrasjonen.
- 2.8 Enkeltvedtak som er fatta i samsvar med delegert mynde kan påklagast av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jfr. forvaltningslova § 28, utanom område der klageretten er innskrenka gjennom lovverket.
- 2.9 Overordna organ kan til ei kvar tid endre eller trekke attende delegert mynde.
- 2.10 Delegeringsreglane gjeld også mynde til å gi dispensasjon innanfor dei reglane som gjeld i kvar einskild særlov.

3 Delegering av mynde i Vestnes kommune

Delegering med utgangspunkt i politisk organisering vedteke i Vestnes kommunestyre den 26.mars 2015.



Andre nemnder, råd og utval:

- Eldreråd
- Næringsfondsutval
- Sakkunnig nemnd
- Sakkunnig ankenemnd
- Råd for funksjonshemma
- Ad hoc utval

Delegering av mynde til alle organ vil bli i det følgjande bli omhandla på følgjande måte:

- Heime, funksjon og oppgåver
- Innstillingsrett eller rådgjevande funksjon
- Delegert mynde

5 Kommunestyret

5.1 Heimel, funksjon og oppgåver

Kommunestyret er Vestnes kommune sitt øvste styringsorgan og gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak, jf KommuneLOVA § 6.

Følgjande saker skal kommunestyret alltid avgjere:

- Oppretting av nye tenester og vesentlege endringar av eksisterande tenester.
- Hovudlinene i den kommunale organiseringa.
- Overordna arbeidsgjevarpolitikk.
- Politisk organisering.
- Reglement for godtgjersle til folkevalde og møteorden i politiske organ.
- Fastsetting av alle kommunale avgifter og betalingssatsar.
- Vedta mål, handlingsplanar og langsiktige strategiar innan alle tenesteområde.
- Gjere vedtak om låneopptak.
- Prinsipielle vedtak om sal, kjøp, makeskifte eller pantsetjing av fast eigedom.
- Langsiktige avtalar av prinsipiell karakter.

5.2 Avgjerdsmynde

I lover der kommunane har ansvar og mynde står det som oftast i lovteksten referert anten til "**kommunen**" eller til "**kommunestyret sjølv**". I det førstnemnde høvet kan kommunestyret avgjere om ansvar og mynde skal delegerast. I det sistnemnde høve må kommunestyret sjølv gjere vedtak. Det føreligg då ei såkalla "delegeringssperre".

Lovverket pålegg såleis kommunestyret sjølv å gjere vedtak på vegne av kommunen i ei rekkje saker.

Tabell med oversikt over heimlar med delegeringssperre er å finne i vedlegg til delegeringsreglementet. Det same gjeld lovheimlar som Vestnes kommunestyre ikkje ønskjer å delegere til andre organ.

6. Formannskapet

6.1 Heimel, funksjon og oppgåver

Kommunestyret kan gi formannskapet avgjerdsmynde i alle saker der ikkje anna følgjer av lov, jf. KommuneLOVA § 8 nr. 3.

Hovudvekt på følgjande oppgåver:

- Utarbeide framlegg til årsbudsjett og økonomiplan/kommuneplanen sin handlingsdel.
- Behandle alle økonomisaker, inkl alle gebyrregulativ og andre betalingssatsar, og gi innstilling til kommunestyret.
- Vere styringsgruppe ved utarbeiding av planstrategi, planprogram og kommuneplanen sin samfunnsdel.
- Syte for at innbyggjarane vert inviterte til medverknadsprosessar i arbeidet med kommuneplan.
- Behandle alle saker som i dette delegeringsreglementet ikkje er lagt til anna organ.
- Innstille til kommunestyret i prinsipielle næringssaker.
- Gi uttale i høyringssaker på vegne av kommunen.
- Godkjenne rammer og føringar i dei årlege lønsforhandlingane.
- Kommunen sitt faste klageorgan der det ikkje er ekstern klageinstans (t.d. Fylkesmannen).

6.2 Innstillingsrett

Formannskapet har innstillingsrett i alle saker som skal behandlast av kommunestyret med følgjande unntak:

- Saker som blir sendt til kommunestyret frå planutval og kontrollutval.
- Saker som blir sendt til kommunestyret frå ad hoc utval dersom dette er fastslått i mandatet frå kommunestyret.

6.3 Delegert mynde

- Gjere vedtak i hastesaker etter kommunelova § 13.
- Vere fagorgan i forvaltningssaker innan alle sektorar med unntak av saker som fell inn under planutvalet og valstyret sitt fagområde.
- Gjere vedtak i forvaltningssaker som er prinsipielle og der mynde ikkje ligg til kommunestyret.
- Mynde som kontrollutval etter Alkoholova.

7. Kontrollutvalet

7.1 Heimel, funksjon og oppgåver

Lovheimla i kommunelova § 77.

Utvalet skal:

- Føre eit løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret.
- Kontrollutvalet skal sjå til at det blir ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga føregår i samsvar med gjeldande reglar og vedtak.
- At det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader (forvaltningsrevisjon).
- Kontrollutvalet skal sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.
- Kontrollutvalet skal rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret.

7.2 Innstillingsrett/rådgjevande funksjon

Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret innan sitt ansvarsområde.

7.3 Delegert mynde

- Kontrollutvalet arbeider på oppdrag frå kommunestyret som kan oppmode eller pålegge kontrollutvalet å greie ut konkrete saker på eigne vegne.
- Kontrollutvalet kan føreta dei undersøkingar som det finn nødvendig for å ivareta si kontrolloppgåve på vegne av kommunestyret.

8. Ordfører

8.1 Heimel, funksjon og oppgåver

Heimel i kommunelova § 9.

Funksjon:

- Ordføraren er Vestnes kommune sin juridiske representant.
- Ordfører leiar møta i kommunestyret og formannskapet.
- Ordfører er kommunen sin representant i styre, representantskap, styringsgrupper, interkommunale samarbeidsorgan eller liknande der kommunestyret ikkje har gitt dette myndet til andre. Ordføraren kan delegere mynde til varaordførar, andre folkevalde eller til administrasjonssjefen.
- Ordfører har mynde til å krevje offentleg påtale.
- Ordfører leiar kommunen sitt beredskapsarbeid saman med administrasjonssjef. Ansvarsfordelinga går fram av plan for kriseleiing.
- Ordfører leiar eit grunnforhandlingsutval der administrasjonssjefen deltek med tilsette som har særskild kompetanse på området.

8.2 Innstillingsrett/rådgjevande funksjon

- Set opp saksliste og avgjer kva saker som skal settast på dagsorden i formannskap og kommunestyre.

8.3 Delegert mynde

- Kommunestyret kan gi ordfører mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikkje er av prinsipiell karakter.
- Ordfører signerer avtalar på vegne av kommunen der mynde ikkje er lagt til andre.
- Ordfører kan gjere disposisjonar innan ansvar 1001, politiske styringsorgan, slik det går fram av reglement for godtgjersle til folkevalde.
- Ordfører har delegert mynde til å avklare om ei sak skal vurderast som prinsipiell og dermed behandlast av eit politisk organ.
- Ordfører tilviser utbetalingar til administrasjonssjefen.
- Ordfører har tilvisingsmynde der administrasjonssjef er inhabil

9. Planutvalet

9.1 Heimel, funksjon og oppgåver

Heimel i kommunelova § 10 nr 1:

Kommunestyret kan gi faste utval avgjerdsmynde i alle saker der ikkje anna følgjer av lov.

Funksjon og oppgåver:

- Samordne Vestnes kommune si overordna arealplanlegging.
- Fungere som styringsgruppe med ansvar for utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel.
- Syte for at innbyggjarane vert inviterte til medverknad i større saker innan sitt fagområde.
- Høyringsinstans ved utarbeiding av planstrategi, planprogram og kommuneplanen sin samfunnsdel der formannskap er styringsgruppe.
- Behandle og ta avgjerd i saker etter plan- og bygningslova som ikkje er lagt til anna organ (kommunestyre eller administrasjonssjef)
- Behandle og ta avgjerd i saker etter jordlova, skogbrukslova, forpaktingslova, motorferdsellova, viltlova, friluftsløva, naturmangfaldlova, naturskadelova, konsesjonslova, matrikkellova, forureiningslova, veglova, samt brann- og eksplosjonsvernlova der mynde ikkje er lagt til kommunestyre eller administrasjonssjef etter dette delegeringsreglementet.

9.2 Innstillingsrett

Innstillir til kommunestyret i alle saker innanfor sitt saksområde der kommunestyret ikkje har delegert sitt avgjerdsmynde.

9.3 Delegert mynde

- Gjere vedtak innan heile saksområdet i forvaltningssaker som er prinsipielle og der mynde ikkje ligg til kommunestyret.
- Behandle klagesaker innan alle ovanfornemnde lovverk før oversending til ekstern klageinstans. Dersom det etter særlov ikkje finst ekstern klageinstans, skal formannskapet som kommunen sitt faste klageorgan, behandle saka.

10. Valstyre

10.1 Heimel, funksjon og oppgåver

Heimel i vallova § 4-1:

I hver kommune skal det være et valgstyre som velges av kommunestyret selv.

Funksjon og oppgåver:

Formålet med vallova, og organ som vert oppretta i medhald av denne, er å legge forholda til rette for at innbyggjarane ved *“frie, direkte og hemmelige valg skal kunne velge sine representanter til Stortinget, fylkesting og kommunestyret.”*

10.2 Innstillingsrett

Innstiller til kommunestyret i alle saker innanfor vallova sitt saksområde der kommunestyret ikkje har delegert sitt avgjerdsmynde.

10.3 Delegert mynde

- Gjere vedtak etter vallova der mynde ikkje ligg til kommunestyret.

11. Ad hoc utval

11.1 Heimel, funksjon og oppgåver

Heimel i kommunelova § 10 nr 5:

Kommunestyret kan opprette komitear til førebuande behandling av saker og til å utføre særskilte verv. Slik komité kan også bli tildelt mynde til å avgjere enkeltsaker som har direkte tilknytning til komiteen sitt oppdrag.

- *Kommunestyret skal ved oppnemning fastsette tydeleg mandat.*
- *Kommunestyret skal fastsette tidsfrist for når utvalet skal vere ferdig med sitt arbeid.*
- *Møta i eit ad hoc utval er offentlege med mindre utvalet fattar vedtak om lukking med heimel i lov.*
- *Ad hoc utvala skal i første møte fastsette vidare møtedatoar.*
Desse skal leggjast inn i kommunen sin politiske møtekalender og leggjast ut på nett på vanleg måte.
- *Alle ad hoc utval skal ha minst 1 medlem frå formannskapet.*
Dei andre medlemmane skal kome frå kommunestyret, evt Rådet for funksjonshemma/Eldrerådet og Ungdomsrådet.
- *Leiaren for utvalet er saksordførar når saka skal behandlast i kommunestyret.*
- *Kommunestyret skal for kvar oppnemning av ad hoc utval vurdere om tillitsvalte bør vere representert.*
- *Administrasjonssjefen stiller med sekretær.*

11.2 Innstillingsrett

Innstiller til kommunestyret dersom dette går fram av mandatet kommunestyret har gitt eit ad hoc utval ved oppnemning.

11.3 Delegert mynde

Vil gå fram av mandatet kommunestyret har gitt ved oppnemning.

12. Eldreråd

12.1 Heimel, funksjon og oppgåver

Heimel i Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd.

Funksjon og oppgåver:

Eldrerådet skal ha til behandling alle saker som gjeld levrekåra for eldre. Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen. Protokollen frå rådsmøtet skal fylgje saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

12.2 Innstillingsrett/rådgjevande organ

Eldrerådslova § 3 heiter det at eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen.

12.3 Delegert mynde

Utarbeide årsmelding som skal sendast til kommunestyret.

13. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

13.1 Heimel, funksjon og oppgåver

Heimel i "Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne".

Funksjon og oppgåver:

Sørgje for at menneske med nedsett funksjonsevne blir sikra open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette gjeld mellom anna tenester, tilkomst, og arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne. Uttalar frå rådsmøtet skal fylgje saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

13.2 Innstillingsrett

Rådgjevande organ for kommunen.

13.3 Delegert mynde

Utarbeide årsmelding som skal sendast kommunestyret.

14. Sakkunnig nemnd og sakkunnig ankenemnd

14.1 Heimel, funksjon og oppgåver

Eigedomsskattelova og vedtekter vedtekne i Vestnes kommunestyre, sist revidert den 29.mars 2012.

Funksjon og oppgåver:

Verdsetje eigedomar i Vestnes kommune på bakgrunn av forslag frå synfaringsmenn. Sakkunnig nemnd fastset retningslinjer for taksering og fastset takstane.

14.2 Innstillingsrett

Innstillar i klagesaker til sakkunnig ankenemnd

14.3 Delegert mynde

- Avgjer saker etter Eigedomsskattelova § 5 (fritak)
- Avgjer saker om omtaksering.
- Behandlar klager på eigedomsskatt før saka går til sakkunnig ankenemnd.
- Sakkunnig ankenemnd avgjer klagesaker

15. Næringsfondsutval

15.1 Heimel, funksjon og oppgåver

Heimel i kommunelova § 10 nr 1:

Kommunestyret kan gi faste utval avgjerdsmynde i alle saker der ikkje anna følgjer av lov.

Funksjon og oppgåver:

Kommunane mottek kvart år midlar frå fylket som er løyvd av staten til regional utvikling. Midlane blir lagt i eit kommunalt næringsfond.

Utvalet skal tildele støtte med siktemål å fremje etablering av ny næringsverksemd og til vidareutvikling av eksisterande bedrifter etter vedtekne retningslinjer og vedtekter.

15.2 Innstillingsrett

Utvalet behandlar ikkje saker som skal vidare til andre kommunale organ.

15.3 Delegert mynde

- Gjere vedtak om tildeling av midlar.
Etter lov 25. september 1992 nr 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) § 77 er Vestnes kommune pålagt å ha eit kontrollutval. Utvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan og skal på vegne av kommunestyret, førestå det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning.

Utvalet si uavhengige stilling i forhold til andre folkevalde organ og administrasjonen er ivaretatt gjennom strenge krav til valbarheit.

2. UTVALET SI SAMANSETJING

Kontrollutvalet i Vestnes kommune har for perioden 2015 – 2019 følgjande samansetjing:

Funksjon	Namn	Parti	Varamedlemmer	Nr	Namn	Parti
Leiar	Stig Holmstrøm*	Ap		1	Lars Christian Fjærtøft	V
Nestleiar	Gro Ødegård	H		2	Ingrid Skjegstad	Sp
Medlem	Birgit Torkildson Grotle	Ap		3	Olav Egil Tomren	Krf
Medlem	Frank Ove Belsvik	Frp		4	Frank Schneider Villa	Sv
Medlem	Dagfinn Wiik*	Pp				

* medlem av kommunestyret.

I kommunestyremøte 19.5.2016 vart Ingrid Skjegstad valt som nytt 2. varamedlem til kontrollutvalet etter Grete Eik Bjermeland, som er tilsett i Vestnes kommune.

Ordførar og oppdragsansvarleg revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter.

3. SEKRETARIAT

”Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for sekretærbistand til kontrollutvalget.”, jf. Kommunelova § 77 nr. 10.

Kommunane Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset, Rauma, Sunndal og Vestnes har frå 2004 hatt samarbeidsavtale om interkommunal sekretærfunksjon for kontrollutvala. Kontrollutvalgsekretariatet for Romsdal vart i 2013 oppretta som eit interkommunalt samarbeid (IS) etter kommunelova § 27 med status som eige rettssubjekt og med eige styre.

Styret er samarbeidet sitt øvste organ og ivaretar arbeidsgjevaransvaret for sekretariatet sine tilsette. I styremøte 14. desember 2015 vart Stig Holmstrøm, Vestnes kommune, valt til styreleiar og Marit Seljeseth Stokke, Molde kommune, valt til nestleiar for valperioden 2015-2019. I styremøte 30.11.2016 vart Lars Ramstad valt til ny nestleiar, etter at Marit Seljeseth Stokke hadde fått fritak frå sine politiske verv.

I 2016 er sekretærfunksjonen for kontrollutvalet i Vestnes ivaretatt av dagleg leiar i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal, Jane Anita Aspen.

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som kontrollutvalet handsamar er forsvarlig utgreidd og at utvalet sine vedtak blir sett i verk, jf. § 20 2. ledd, forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner.

4. OPPGÅVER OG VERKSEMD I 2016

4.0 Saksbehandling og møteavvikling

Kontrollutvalet har hatt 5 møter og handsama i alt 39 protokollerte saker. Av dei er 5 saker sendt over til kommunestyret for endeleg handsaming. I tillegg er det i 2016 handsama 24 referatsaker og 18 orienteringssaker.

Kontrollutvalet sine møteprotokollar vert lagt fram for kommunestyret som referatsak.

Kontrollutvalet sine møter vert haldt for opne dører og blir hovudsakleg halde på kommunehuset.

Kontrollutvalet har på førespurnad og i nødvendig utstrekning fått orienteringar frå administrasjonen og kommunerevisjonen i saker som har vore til handsaming i møta.

Reglement for kontrollutvalet

Reglement for kontrollutvalet i Vestnes vart vedteke av kommunestyret i møte 29.09.2011, k-sak 65/2011. I kommunestyret sitt møte 27.8.2015 sak 66/2015, vart reglementet revidert.

Representasjon

Utvalet sin leiar Stig Holmstrøm har i 2016 deltatt på dei tre styremøta som er halde i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal.

Utvalsmedlemma Dagfinn Wiik og Frank Ove Belsvik deltok på **NKRF¹ sin Kontrollutvalgskonferanse 2016** på Clarion Airport Hotel Gardermoen 3.og 4. februar 2016.

På **FKT² sitt Årsmøte og Fagkonferanse 2016** på Thon Hotel Oslo Airport 7.- 8. juni 2016, deltok utvalsleiar Stig Holmstrøm.

Utvalet deltok også under **Intern opplæring og samling** for kontrollutvala som sekretariatet betener. Samlinga vart halde på Skarstua 24.mai 2016. Deltakarar frå Vestnes kommune var Stig Holmstrøm, Gro Ødegård, Birgit Grotle og Lars Christian Fjærtøft.

4.1 Tilsyn med revisjonen

I følge § 4 i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner, skal kontrollutvalet sjå til at kommunen eller fylkeskommune har ei forsvarleg revisjonsordning.

For utvalet har det vorte lagt fram følgjande i 2016:

- **Revisjonen sin rapport til kontrollutvalet for 2. halvår 2015**
- **Revisjonen sin rapport til kontrollutvalet for 1. halvår 2016**
- **Revisjonsplan for revisjonsåret 2016**
 - **Revisors vurdering av uavhengighet**

Dokumenta er vorte supplert med munnleg orientering frå oppdragsansvarleg revisor. Vidare er revisjonsmelding lagt fram for utvalet.

¹ Norges Kommunerevisorforbund

² Forum for Kontroll og Tilsyn

4.2 Fråsegn til rekneskapen

Kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon følger av forskrift om kontrollutvalg kap. 4, §§ 6-8.

Utvalet har handsama og vurdert årsrekneskapen for 2015 for **Vestnes kommune**, og gitt si fråsegn til denne.

Utvalet har også fått seg førelagt kommunen sine kvartalsvise økonomirapportar.

Kontrollutvalet har fått seg førelagt som orienteringssak den årlege skatterekneskapen frå skatteoppkrevjar saman med Skattefuten sin kontrollrapport med skatteoppkrevjarfunksjonen.

Kvaliteten og presentasjonsforma av rekneskapen har vore tilfredsstillande. Det same kan seiast om rådmannen si årsmelding og skatteoppkrevjaren sin årsrapport.

Kontrollutvalet har i 2016 ikkje handsama og gjeve si fråsegn til sluttrekneskap/byggjerekneskap.

4.3 Forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følger av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner §§ 10-12.

Det er utarbeidd **Overordna analyse og Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019**, som vart handsama av kontrollutvalet i møte 3.10.2016, sak 24/16 og endeleg vedteke av kommunestyret i møte 27.10.2016 i K sak 96/2016.

Kontrollutvalet har i 2016 ikkje fått seg førelagt og handsama forvaltningsrevisjonsrapport.

Kontrollutvalet vedtok i møte 10.12.2015 sak 35/15 å bestille følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt:

- **Oppfølging av flyktningar og innvandrarak**

I kontrollutvalet sitt møte 16.11.2016 vart prosjektplan for dette forvaltningsrevisjonsprosjektet lagt fram frå Kommunerevisjonsdistrikt 2. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak:

På bakgrunn av tidlegare utgreiing frå administrasjonen, nedlegging av asylmottaket og framlagt prosjektplan frå revisjonen, ønskjer kontrollutvalet ikkje å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet.

4.4 Selskapskontroll

Kontrollutvalet sine oppgåver ved selskapskontroll følger av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner kap. 6, §§14-15.

Det er utarbeidd **Overordna analyse og Plan for selskapskontroll 2016 – 2019** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 3.10.2016, sak 25/16 og endeleg vedteke av Vestnes kommunestyre 27.10.2016 i K sak 95/2016.

Gjennomføring av eigarskapskontroll føreset at kommunen har utarbeida eigarskapsmelding (retningslinjer for forvaltning av kommunens interesser i selskap samt eigarstrategiar for kvart enkelt selskap). Eigarskapsmelding for Vestnes kommune vart vedteke av kommunestyret i møte 21.10.2010 i k-sak 76/2010.

Kontrollutvalet har i 2016 ikkje bestilt eller gjennomført nokon selskapskontroll.

Kontrollutvalet har i 2016 mottatt protokollar frå styremøter og representantskapsmøter i ÅRIM, men har ikkje vorte varsla om at det er halde representantskapsmøter i andre interkommunale selskap (IKS) eller generalforsamlingar i kommunalt heileigde aksjeselskap (AS) i 2016.

I kontrollutvalet sitt møte 16.11.2016, handsama kontrollutvalet ei sak (34/16) om møteavvikling i Ørskogfjellet Skisenteer AS. Bakgrunnen for saka var problemstillingar knytt til avvikling av ei eventuell ekstraordinær generalforsamling i selskapet. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak:

Kontrollutvalet oppmodar om at Ørskogfjell skisenter AS og andre aksjeselskap som er heileigd av Vestnes kommune, følgjer kommunelova sine reglar om møteoffentlegheit.

Kommunelova § 80 innsyn og undersøkelser i selskaper, seier at «..Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møte i representantskap og tilsvarende organ.»

Administrasjonssjefen har på e-post 22.11.2016 til kommunen sine heileigde selskap, gjort desse merksam på paragrafen. Selskapa er oppmoda om å sende kontrollutvalet, ved sekretariatet, kopi av innkallingar til generalforsamlingar.

4.5 Særskilte oppgåver for kontrollutvalet

Kontrollutvalet sine særskilte oppgåver følgjer av forskriftens kap7, §§16-17.

Val av revisjonsordning

Etter kontrollutvalet si tilråding vedtok kommunestyret i Vestnes i møte 21.5.2015, sak 45/2015 å inngå som deltakar i Møre og Romsdal Revisjon IKS og at selskapet blir valt som revisor for kommunen frå 1.7.2015. Grunna forseinkingar er ikkje selskapet formelt stifta før ved møte i representantskapet 14.11.2016. Det vert arbeidd med å tilsette dagleg leiar. Det er føresett at selskapet er i drift frå 1.1.2017. Inntil selskapet er i drift, får kommunane tenester frå dei eksisterande kommunerevisjonane.

Budsjettbehandling

Kontrollutvalet utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen

4.6 Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet skal følgje opp at administrasjonen set i verk og gjennomfører dei vedtak som er gjort av dei ulike politiske organ.

Oversikt frå siste driftsrapport pr. oktober 2016, syner at det står att fire saker frå 2015.

4.7 Oppfølging av kontrollutvalet sine saker

Saker frå kontrollutvalet som ikkje er endelig avslutta pr. 31.12.2016 er følgjande:

Sak nr / dato	Sakstittel	Vedtak	Merknad
KU sak 18/15 24.6.2015	Forvaltningsrevisjonsrapport «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune	1. Vestnes kommunestyre tek forvaltningsrevisjonsrapporten Samhandlingsreformen i Vestnes kommune til etterretning og sluttar seg til dei tilrådingane som kjem fram i rapporten sitt kapittel 1 under Oppsummering, samlede vurderinger og anbefalinger.	Oppfølging vil skje våren 2017
K-sak 67/2015 27.8.2015		2. Kommunestyret ber	

		administrasjonssjefen om å sørge for at revisjonen sine tilrådingar i kapittel 1 blir følgt og sjå til at dette arbeidet vert gjennomført. 3. Kommunestyret ber kommunerevisjonen om å følgje opp rapporten og gje skriftlig tilbakemelding til kontrollutvalet innan ein periode på 12 – 18 mnd.	
KU sak 38/16 16.11.2016	Oppfølgingsliste	I oppfølgingslista er følgjande saker ikkje avslutta: ▪ Internkontroll i Vestnes kommune ▪ Oppfølging av A-feil etter tilstandsvurdering av alle leikeplassar ▪ Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma	Attståande saker frå oppfølgingslista for 2016 vert overført til oppfølgingsliste for 2017.

4.8 Spesielle undersøkingsoppgåver

Utvalet har fått framlagt endeleg rapport frå revisjonen, etter ei misleghaldssak som vart avdekt av administrasjonen i 2015.

4.9 Verksemdsbesøk

For å bli kjent med den kommunale forvaltninga og for at tilsette i kommunen skal bli kjende med kontrollutvalet, kan kontrollutvalet besøke ei verksemd eller alternativt kan ein einingsleiar inviterast til å gje ei orientering om si eining. Gjennomføring av verksemdsbesøk, eller ei slik orientering, gir kontrollutvalet eit godt innblikk i den kommunale forvaltninga. I møte 3.10.2016 fekk kontrollutvalet ei orientering om **byggesaksbehandling**, ved driftsleiar Emil Balstad og byggesaksbehandlar Torgeir Utgård. Føremålet var å få ei orientering knytt til følgjande område; Organisering, saksbehandlingsrutinar, organisering av kontroll og oppfølging av vedtak, samt saksbehandlingstid.

4.10 Sentrale kommunale styringsverktøy

Ei av kontrollutvalet sine oppgåver er å undersøke om kommunen har etablert ein forsvarleg og føremålstenleg internkontroll.

Administrasjonssjefen har ansvar for å etablere og følgje opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsystem; dvs. system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg styring, måloppnåing og regeletterleving. Alle vesentlege rutinar bør være skriftleg dokumentert med omsyn til korleis dei fungerer, og kva internkontroll som ligg inne i systema.

Vestnes kommune har følgjande sentrale styringsverktøy:

- ❖ **Økonomireglement for Vestnes kommune** (vedtatt 15.09.16 k-sak 78/2016)
- ❖ **Delegeringsreglement for Vestnes kommune** (vedtatt 27.10.16 k-sak 101/2016)
- ❖ **Finansreglement og gjeldsreglement for Vestnes kommune** (vedtatt 17.6.2010, revidert 15.09.16 k-sak 79/2016)
- ❖ **Reglement for investeringsprosjekt** (vedtatt 21.10.2010, k sak 74/2010)

Eit økonomireglement skal mellom anna dekke områda budsjettdelegasjon, attestasjon og anvising, rapporteringsrutinar og delegert avgjerdsmynde. Finansreglementet regulerar plassering av ledig likviditet, langsiktige finansielle aktiva og forvaltning av gjeldsportefølja til kommunen.

Alle vesentlige rutinar bør vere skriftleg dokumentert med omsyn til korleis dei fungerer, og kva slags intern kontroll som ligg inne i systema.

4.11 Tilsyn frå andre

I tillegg til kontrollutvalet, utfører eksterne forvaltningsorgan tilsyn med Vestnes kommune. Desse tilsyna kan avdekke avvik eller svakheiter i den kommunale organiseringa og utøvinga av tenesteproduksjonen.

Ein ser det formålstenleg at kontrollutvalet vert orientert om slikt tilsyn for å kunne følge opp at den samla tenesteproduksjonen i Vestnes kommune vert kvalitetssikra og forbetra.

Kontrollutvalet har i 2016 fått seg førelagt følgjande tilsynsrapport:

- **Endeleg sluttrapport for forvaltningskontroll – Vestnes kommune**, fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 16.10.2015

5. SAMANDRAG

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ein nyttig medspelar i å forbetre kommunen si eksterne tenesteproduksjon og myndesutøving så vel som dei interne forvaltningsfunksjonar, ved å legge opp til ein konstruktiv tilnærming ut frå kva som er realistisk å oppnå. Kommunen er avhengig av tillit til desse prosessane hos brukarane, og ein aktiv og truverdig tilsyns- og kontrollfunksjon kan medverke til å bygge opp om denne tilliten.

Kontrollutvalet har i 2016 fortsatt fokus på å styrke kontrollutvalet si stilling i den kommunale forvaltninga og overfor innbyggjarane i kommunen.

Utvalet sitt arbeid krev at medlemmene er aktive og set seg inn i til dels kompliserte saker som kan gjelde heile verksemdsområdet til Vestnes kommune. Skolering av utvalsmedlemmer vil fortsatt ha prioritet i tida som kjem.

Som kommunestyret sitt hjelpeorgan i tilsyns- og kontrollspørsmål er kontrollutvalet sitt virke avhengig av å ha legitimitet i kommunestyret, mellom anna for å få gjennomslagskraft for forbettringsforslag og anbefalingar og dermed kunne hjelpe til i arbeidet for at kommunestyret sine målsetningar vert realisert.

Vestnes, 14. februar 2017
Kontrollutvalet i Vestnes kommune

Stig Holmstrøm
leiar

Gro Ødegård
nestleiar

Frank Ove Belsvik

Dagfinn Wiik


Birgit Torkildson Grotle

KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

HANDSAMA SAKER I 2016

Saks nr	Sakstittel	Statuskode
PS 01/16	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 10. DESEMBER 2015	A
PS 02/16	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 03/16	KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2015	A
PS 04/16	REVISJONEN SIN RAPPORT TIL KONTROLLUTVALET FOR 2. HALVÅR 2015	A
PS 05/16	MØTEPLAN FOR 2016	A
PS 06/16	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 07/16	EVENTUELT	A
PS 08/16	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 26. FEBRUAR 2016	A
PS 09/16	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 10/16	VESTNES KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP FOR 2015	A
PS 11/16	YTRINSFRIDOM FOR FOLKEVALDE	A
PS 12/16	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 13/16	EVENTUELT	A
PS 14/16	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 26. APRIL 2016	A
PS 15/16	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 16/16	UTKAST TIL OVERORDNA ANALYSE – PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2019	A
PS 17/16	UTKAST TIL OVERORDNA ANALYSE – PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2019	A
PS 18/16	VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT PR. 1. KVARTAL 2016	A
PS 19/16	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 20/16	EVENTUELT	A
PS 21/16	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 26. MAI 2016	A
PS 22/16	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 23/16	OVERORDNA ANALYSE – PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2019	O
PS 24/16	OVERORDNA ANALYSE – PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2019	O
PS 25/16	REVISJONEN SIN RAPPORT TIL KONTROLLUTVALET FOR 1. HALVÅR 2016	A
PS 26/16	REVISJONSPLAN FOR REVISJONSÅRET 2016	O
PS 27/16	ENDELEG RAPPORT FRÅ REVISJONEN OM ØKONOMISK MISLEGHOLD	A
PS 28/16	VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT PR. 1. HALVÅR 2016	A
PS 29/16	FØRSLAG TIL BUDSJETT FOR 2017 FOR KONTROLL OG TILSYN	A
PS 30/16	OPPFØLGINGSLISTE	A
PS 31/16	EVENTUELT	A
PS 32/16	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 3. OKTOBER 2016	A
PS 33/16	REFERAT OG ORIENTERINGAR	A
PS 34/16	ØRSKOGFJELL SKISENTER AS – MØTEAVVIKLING	A
PS 35/16	VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT PR. 3. KVARTAL	A
PS 36/16	FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT «OPPFØLGING AV FLYKTNINGAR OG INNVANDRARAR» - PROSJEKTPLAN	A
PS 37/16	NKRF'S KONTROLLUTVALSKONFERANSE I 2017. DELTAKING	A
PS 38/16	OPPFØLGINGSLISTE	O
PS 39/16	EVENTUELT	A

Kode	Forklaring
A	Saka er avslutta
B	Saka er under handsaming
O	Saka vert følgt opp
U	Saka går ut



VESTNES KOMMUNE

Kontrollutvalet

Saksmappe: 2017-1535/01
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 25.1.2017

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 06/17	Kontrollutvalet	14.2.2017

MØTEPLAN FOR 2017

Sekretariatet si tilråding

Følgjande møteplan for 2017 vert godkjend:

Uke	Dato	Møte nr	Saker til behandling
7	14.02.	1/17	▪ Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt ▪ Revisjonen sin rapport til kontrollutvalet for 2. halvår 2016 ▪ Kontrollutvalet si årsmelding for 2016 ▪ Møteplan for 2017
18	02.05	2/17	▪ Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2016 for Vestnes kommune ▪ Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt ▪ Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport ▪ Økonomirapport 1. kvartal 2017
24	12.06.	3/17	▪ Verksemdsbesøk / alt. orientering frå einingsleiar?
40	02.10.	4/17	▪ Økonomirapport for 2. kvartal 2017 ▪ Revisjonsplan for revisjonsåret 2017 ▪ Revisjonen sin rapport til kontrollutvalet for 1. halvår 2017 ▪ Budsjett for kontroll og tilsyn for 2018
46	22.11.	5/17	▪ Økonomirapport for 3. kvartal 2017 ▪ Forvaltningsrevisjonsprosjekt

Kontrollutvalet sin leiar i samråd med sekretariatet vert gjeve fullmakt til å foreta endringar av møtedatoar dersom det vert naudsynt.

Bakgrunn for saka

Det ikkje fastsett ei fordeling av talet på møter for kontrollutvala. Ut i frå forventa saksmengde, vert det planlagt 5 møter i 2017. Dersom det skulle oppstå situasjonar som tilseier at det likevel vil vere behov for fleire møter i løpet av året, vil det bli vurdert i det enkelte tilfelle.

Forslag til møteplan er koordinert med dei andre kontrollutvala sekretariatet betener for å unngå møtekollisjonar, samt Vestnes kommune sin møteplan for politiske møter våren i 2017.

Møtet for handsaminga av årsrekneskapen til Vestnes kommune for 2016, er tilpassa tidspunkt for handsaming i formannskap og kommunestyret.

Oversikta over saker som skal handsamast er rettleiande og kan endrast gjennom året.

Ein tek atterhald for møtedato for 2. halvår 2017 for kontrollutvalet, då Vestnes kommune ikkje har sett opp dato for kommunen sine politiske møter for denne perioden.

Jane Anita Aspen
daglig leder



VESTNES KOMMUNE

Kontrollutvalet

Saksmappe: 2017-1535/01
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 3.2.2017

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 07/17	Kontrollutvalet	14.2.2017

OPPFØLGINGSLISTE

Sekretariatet si tilråding

Følgjande saker vert satt opp på oppfølgingslista:

Bakgrunn for saka

Intensjonen med oppfølgingslista er å ha ei oversikt over saker og problemstillingar som medlemmene ønskjer nærare utgreia eller orientering om.

Ei slik oppfølgingsliste kan være eit nyttig reiskap for kontrollutvalet for å ha oversikt på status for saker ein ønskjer å følgje opp, eventuelt å ha til observasjon.

Lista kan fungere som eit planleggingsreiskap for aktivitetar som kontrollutvalet ønskjer å gjennomføre når forholda ligg til rette, eksempelvis synfaringar.

Kontrollutvalet vedtek sjølv endringar i lista. Dette inneber endring i status for den enkelte sak, det vil seie følgjande alternativ:

- Som nytt punkt
- Endringar i punkt (grunna orienteringar gjeve eller saka er handsama som eiga ordinær sak i møte)
- Punktet går ut (saka vert rekna for avslutta frå kontrollutvalet si side)

I dette møtet er det lagt opp til orientering knytt til følgjande saker på oppfølgingslista:

- **Internkontroll i Vestnes kommune**

Vedlagt følgjer:

- Ajourført oppfølgingsliste pr. 16.11.2016.
- Staus E2 tilsyn 01.02.17 (leikeapparat), frå Kari Kvithaug, eigeidomsdrift
- E-post datert 24.1.2017 frå administrasjonssjefen om utsetjing av oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om samhandlingsreforma

VURDERING

Av saker som kontrollutvalet har hatt oppe og som det er formålstenleg vert satt opp på oppfølgingslista for vidare oppfølging av status i saka, er mellom anna følgjande:

Internkontroll i Vestnes kommune

Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå

Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenestoområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet fekk ei orientering i møte 10.12.2013 om det nye internkontrollsystemet. Kontrollutvalet ønskjer å få ein ny rapport om bruken av internkontrollsystemet Risk Manager om eit år. Kommunalsjef Rune Håseth informerte i møte 03.12.14 om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Frank Skorgenes har nyleg blitt systemansvarleg for internkontroll systemet og HMS. Ein startar no med innføring av Risk Manager. Ein føresetnad for å ta i bruk dette er at alle tilsette har same type e-postadresse, det vert no samkjørt. Det er ikkje avklart kva dokument som skal ligge i dette systemet eller kva som skal definerast som eit avvik. Alle driftsleiarane må få ny opplæring. Kontrollutvalet har fått jamlege statusrapportar. Saka vert overført frå oppfølgingslista for 2013, 2014, 2015, 2016 og til 2017.

Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune»

Kontrollutvalet vedtok i møte 13.12.13 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune». Prosjektplanen vart handsama i møte 08.09.14 sak 26/14. Rapporten vart lagt fram møte 24.06.15 sak PS 18/15. Oppfølging av rapporten er venta våren 2017. Saka vert overført frå oppfølgingslista for 2015, 2016 og til 2017

Oppfølging av A-feil etter tilstandsvurdering av alle leikeplassar

Kontrollutvalet forventar at kommunen har rutinar på straks å fjerne/utbetre leikeapparat med A-feil. Kontrollutvalet har fått orientering om oppfølging av tilstandsrapporten, samt orientering om ansvaret til kommunen knytt til andre leikeapparat i kommunen t.d. i regi av velforeiningar. Saka vert overført frå oppfølgingslista for 2015, 2016 og til 2017.

Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma

Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennomførte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventa å få lukka avvika i løpet av våren 2016.

Jane Anita Aspen
daglig leder

**KONTROLLUTVALET I
VESTNES KOMMUNE**

SAKSOPPFØLGING

(ajourført pr 14.2.2017)

Saker som er tatt opp:	Merknad:	Status:

**KONTROLLUTVALET I
VESTNES KOMMUNE**

SAKSOPPFØLGING

(å jour pr. 16.11.2016)

Saker som er tatt opp:	Merknad:	Status:
13.03.13 Internkontroll i Vestnes kommune Ansvar: Adm./sekr	Kontrollutvalet ønsker orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenestoområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet ønsker orientering om Vestnes kommune har starta arbeidet med å etablere eit heilskapleg system for internkontroll og avviksrapportering.	13.03.13: Sekretæren vert beden om å kontakte administrasjonssjefen og be om ei orientering til neste møte i kontrollutvalet. 29.05.13: Kontrollutvalet vil få ei orientering i møtet i september 2013. 19.09.13: Kontrollutvalet vil få ei orientering i neste møte. 10.12.13: Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte, jf. orienteringssak OS 12/13. Kontrollutvalet ønsker å få ein ny rapport om bruken av internkontrollsystemet Risk Manager om eit år. 03.12.14: Kommunalsjef Rune Håseth informerte om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Frank Skorgenes har nyleg blitt systemansvarleg for internkontroll systemet og HMS. Ein startar no med innføring av Risk Manager. Ein føresetnad for å ta i bruk dette er at alle tilsette har same type e-postadresse, det vert no samkjørt. Det er ikkje avklart kva dokument som skal ligge i dette systemet eller kva som skal definerast som eit avvik. Alle driftsleiarane må få ny opplæring. Kontrollutvalet ønsker statusrapport om eit halvår. 28.04.15: Kontrollutvalet utset å be om statusrapport til møte i oktober, grunna mange orienteringar i junimøtet. 17.09.15: Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte, jf. Orienteringssak OS 20/15. Kontrollutvalet konkluderer med at dei ønsker ei ny orientering om 1 år, for å sjå korleis systemet er tatt i bruk i organisasjonen. 16.11.16: Orienteringa som var etterspurt til dagens møte vert utsatt til etter nyttår, og vert etter tilråding frå adm.sjefen, halde samstundes med orienteringa om «Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklings-hemma»
24.02.15 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Kvalitet i sykehjemstjenesten i Vestnes kommune Ansvar: Adm./sekr.	Forvaltningsrevisjonsrapporten vart handsama av kontrollutvalet i møte 10.12.13, sak PS 24/13 og i kommunestyret 06.02.14 i k-sak 3/14. Kontrollutvalet handsama oppfølging av rapporten i dagens	17.09.15: Kontrollutvalet ønsker ei orientering om status i 1. møte i 2016. 26.04.16: Adm.sjef og kommunalsjef Greta Bjerke orienterte i dagens møte jf. OS 11/16. Kontrollutvalet avsluttar oppfølging av denne saka.

	møte (24.02.15) revisjonen tilrår at kontrollutvalet held seg orientert om utviklinga innfor desse to områda: Ressurssituasjonen (personalfaktor) som set grenser når det gjeld ivaretaking av bebuarane sine sosiale behov, samt fysioterapiressursen pr. institusjonsbebuar.	
24.02.15 Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune Ansvar: Rev./sekr.	Kontrollutvalet vedtok i møte 13.12.13 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjekt-et «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune». Prosjektplanen vart handsama i møte 08.09.14 sak 26/14.	24.06.15: Rapporten vart lagt fram i dagens møte sak PS 18/15.
24.06.15 Oppfølging av A-feil etter tilstandsvurdering av alle leikeplassar Ansvar: Adm./sekr	Kontrollutvalet forventar at kommunen har rutinar på straks å fjerne/utbetre leikeapparat med A-feil. Kontrollutvalet ønskjer ei ny orientering om oppfølging av tilstandsrapporten i neste møte, samt orientering om ansvaret til kommunen knytt til andre leikeapparat i kommunen t.d. i regi av velforeiningar.	17.09.15: Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte , jf. Orienteringssak OS 19/15. Kontrollutvalet ønskjer ny orientering om status om 1 år. 16.11.16: Driftsleiar Mona Johansen orienterte i dagens møte jf. OS 17/16. Utvalet ønskjer å få tilsendt liste som er laga med oversikt over leikeapparat og type feil som var avdekka ved siste kontroll.
16.02.16 Økonomireglement Ansvar: Adm./rev./sekr	Det ser ikkje ut til at Vestnes kommune sitt økonomireglement, utover delegeringsreglement, finansreglement og reglement for investeringsprosjekt, har vore til politisk behandling. Eit økonomireglement bør politisk behandlast, rullerast og oppdaterast jamleg. I kontrollutvalet sitt møte 10.12.15 vart det etterspurt eit oppdatert økonomireglement. Administrasjonssjefen informerte om at det ikkje er kapasitet til å oppdatere dette så lenge ein berre har ei økonomistilling.	26.04.16: Utvalet ønskjer tilbakemelding frå adm.sjefen om plan for dette arbeidet. 26.05.16: Adm.sjefen opplyser i e-post 12.05.16 at dei vil prøve å få øk.reglementet til behandling til hausten, samstundes med behandling av delegeringsreglement. 03.10.16: Økonomireglement vedtatt av kommunestyret 15.09.16 framlagt i dagens møte, jf. RS 09/16. Kontrollutvalet avsluttar oppfølging av denne saka.
26.05.16 Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma Ansvar: Adm./sekr	Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennom-førte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventar å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Kontrollutvalet ønskjer å få	16.11.16: Fylkesmannen har bede om meir dokumentasjon. Orienteringa vert etter tilråding frå adm.sjefen utsett til etter fylkesmannen har avslutta sitt tilsyn.

	ei orientering frå administra- sjonen om dette området i kontrollutvalet sitt møte 16.11.16	
--	---	--

Aspen, Jane Anita

Fra: Kari Kvithaug <kari.kvithaug@vestnes.kommune.no>
Sendt: 3. februar 2017 15:48
Til: Aspen, Jane Anita
Emne: Status E2 tilsyn 01.02.17.xlsx
Vedlegg: Status E2 tilsyn 01.02.17.xlsx

Hei

Viser til kopi av mail under her.

Jeg har laget en status over E2-tilsynet som ble gjort i oktober 2017. (se vedlegg)

Ta kontakt hvis noe er uklart!

Mvh
Kari Kvithaug
Eigedomsdrift
Vestneskommune
Tlf: 90639180/71184066

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal	
Kommunenr: 1535	
Dato: . 3 FEB 2017	
Saks og Arkivnr: 1535	Løpenr: 033/17
Arkivkode: 610 458	Gradering:

OVERSENDING AV SAK - KONTROLLUTVALET

./ Vedlagt følger kontrollutvalet si oppfølgingsliste ajourført pr. 21.11.2016.

Ein vil her vise til følgjande sak:

Oppfølging av A-feil etter tilstandsvurdering av alle leikeplassar

Kontrollutvalet forventar at kommunen har rutinar på straks å fjerne/utbetre leikeapparat med A-feil. Kontrollutvalet ønskjer ei ny orientering om oppfølging av tilstandsrapporten i neste møte, samt orientering om ansvaret til kommunen knytt til andre leikeapparat i kommunen t.d. i regi av velforeiningar.

16.11.16: Driftsleiar Mona Johansen orienterte i dagens møte jf. OS 17/16. Utvalet ønskjer å få tilsendt liste som er laga med oversikt over leikeapparata og type feil som var avdekket ved siste kontroll.

Kontrollutvalet ønskjer at lista vert tilsendt innan fredag 3.2.2017

Med helsing

Jane Anita Aspen
daglig leder

E2-TILSYN LEKEPLASSER

HØSTEN 2016

Eiendom	Antal apparat	Status pr. 02.02.2017		Beskrivelse (C-og D-Feil)
		A-feil	B-feil	
Fiksdal Oppvekstsent./skule	6	0	0	Huskestativ - Etterfylling av fallsand/fresing av sand Skute - behov for overfaltebehandling Sklie - etterfylling av fallsand/overfalebehandling/gessarm.matter
Fiksdal Oppvekstsent./bhg	8	0	0	Huskestativ - Etterfylling av fallsand/fresing av sand/kant ødelagt Båt - har mye råteskader, blir fjernet, kommer nytt apparat våren 2017 Behov for overflatebehandling på flere lekeapparater Klatrekube - denne vil bli montert våren 2017
Frivilligsentralen	1	0	0	OK
Gardstunet Barnehage	11	0	0	Behov for overflatebehandling på flere lekeapparater Humpedisser må monteres opp igjen. Må bytte ut 2 stk disser - blir bestilt nye Drenering av vann inne i sjørøverskuta Foreldra har bygget ny lekehytte - den gamle er fjernet
Helland Barnehage Nedre	11	0	0	Behov for overflatebehandling på flere lekeapparater Behov for etterfylling av fallsand/fresing av sand Slitasje på lakkerte overflater - fare for frostskafer Skli er fjernet - blir montert ny våren 2017 Det har blitt skiftet ut 2 stk dekkdisser og 1 stk babyhuske
Helland Barnehage Øvre	12	0	0	Behov for overflatebehandling på flere lekeapparater Slitasje på lakkerte overflater - fare for frostskafer Rundstokker rundt dissestativet bør byttes grunnet råteskader
Helland Skule	12	0	0	Behov for overflatebehandling på flere lekeapparater Behov for etterfylling av fallsand/fresing av sand Må bytte ut 3 stk disser - ligger på lager Slitasje på lakkerte overflater - fare for frostskafer Gamle svingstenger er fjernet - montert ny i 2014 Klatrevegg er fjernet - montert ny klatrepamide i 2014

				Balansebanan ny - montert i 2014 Klatrestativ løse klatreknotter/slitt tau/slark i klatrebom/slitasje sjakk
Skorgen Barnehage	9			Ikke i bruk som barnehage (avsluttet høsten 2015)
				Dissestativ vil bli fjernet - dette har råteskader, har fjernet disser Rollelek båt vil bli fjernet (plassert utenfor gjerdet) Klatrestativ vil bli fjernet (plassert utenfor gjerdet)
Tomrefjord Barnehage	9	0	0	Behov for overflatebehandling på flere lekeapparater Behov for etterfylling av fallsand/fresing av sand Huskestativ øversiden - støtflate/fallsone er for liten Gamle sklia er fjernet - det ble montert ny høsten 2016 Må bytte ut 2 stk disser - blir bestilt nye Huskestativ nedsiden - har råteskader, bør skiftes ut
Tomrefjord Skule	10	0	0	Behov for overflatebehandling på flere lekeapparater Behov for etterfylling av fallsand/fresing av sand Må bytte ut 2 stk disser - blir bestilt nye 2 stk trekanthus er fjernet - montert ett nytt høsten 2015 Svingstener er fjernet - montert ny sommeren 2016 Klatrepyramide - denne er ny sommeren 2016 Nett på fotballmål - må skiftes ut eller festes Må ha betong vekter på fotballmål Klatrestiv - utslitt tau, må skiftes
Tresfjord Bhg - Røde Kors	0			Leigeforhold opphørt 01.01.2017
Tresfjord oppvekst./bhg	5	0	0	Behov for overflatebehandling på flere lekeapparater Sklie - heve fallsonen Lakkerte overflater - fare for frostskaider Må bytte ut 1 stk disser - blir bestilt nye
Tresfjord oppvekst./skule	10	0	1	Behov for overflatebehandling på flere lekeapparater Behov for etterfylling av fallsand/fresing av sand Sklia er fjernet Huskestativ - 2 stk er blitt fjernet, montert ett nytt sommeren 2016 Klatrejungle - B-feil, støtflaens utstrekning/fallsone er for liten Tiltak for utbedring av B-feil: fjerne en del av klatretauet mot veien.

				Noen apparater har fare for råtskader/har råtskader Svingstang vest - løs stolpe, bør fjernes Balanseløype armgang - skadde trinn, må fikses Balanseløype svingstenger - råtskader Balansehinder - synkende grunn Svingende vippehuske - skadde fjøler/en komponent mangler
SUM	104	0	1	

Aspen, Jane Anita

Fra: Tone Roaldsnes <tone.roaldsnes@vestnes.kommune.no>
Sendt: 24. januar 2017 15:24
Til: Sønderland, Anny
Kopi: Bjerke, Greta; Aspen, Jane Anita; Andersen, Einar
Emne: SV: Svar på epost vedk oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om samhandlingsreforma

Eg er lei for at eg ikkje har svart på eposten før i dag.
Vi drøfta saka i leiarmøte i dag og kom til at vi treng noko meir tid for å svare ut alle punkta.

Eg veit at vi no bryt tidsfristane som er sett av kommunestyret, men eg trur saka er tent med at vi legg meir arbeid i dette før vi oversender det til revisjonen.

Eg reknar med at vi skal sende revisjonen eit brev der vi svarer ut punkta, og at saka deretter går til kontrollutvalet og vidare til kommunestyret.

Når er neste møte i kontrollutvalet (etter møtet den 14.februar), og når må de har skrivet frå oss for å nå det møtet?

mvh
Tone Roaldsnes
administrasjonssjef



tlf 71 18 40 40
mobil 909 84000

Fra: Sønderland, Anny [<mailto:anny.sonderland@molde.kommune.no>]
Sendt: 11. januar 2017 12:10
Til: Tone Roaldsnes
Kopi: Greta Bjerke; Aspen, Jane Anita; Andersen, Einar
Emne: SV: Svar på epost vedk oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om samhandlingsreforma

Hei
Godt nyttår!
Minner om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten.
Vi satte frist til 6. januar 2017 i brev datert 11.10.2016.
Fristen kan utsettes til 20. januar.

Med helsing
Anny Sønderland
Konstituert daglig leder

Kommunerevisjonsdistrikt 2
97 53 99 87
anny.sonderland@molde.kommune.no

Fra: tone.roaldsnes@vestnes.kommune.no [<mailto:tone.roaldsnes@vestnes.kommune.no>]

Sendt: 18. oktober 2016 15:33

Til: Sønderland Anny

Kopi: greta.bjerke@vestnes.kommune.no

Emne: Svar på epost vedk oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om samhandlingsreforma

Hei!

Vi har drøfta dette idag, og vi ville sette pris på å få vente til januar med denne saka.


Vi har ikkje kome langt nok i opppfølginga av desse store områda til å gi eit tilfredstillande svar endå.

Vi seier oss lei for at vi ikkje har halde tidsfristane.

mvh

Tone Roaldsnes

administrasjonssjef



VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2017-1535/01
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 3.2.2017

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 08/17	Kontrollutvalet	14.2.2017

EVENTUELT

Referat fra NKRF sin kontrollutvalgskonferanse

Deltakarane gir utvalet referat frå konferansen.

Invitasjon til rekneskapskurs – Korleis lese og forstå kommunalt rekneskap?

Fylkeskommunen arrangerer 2. mars kurs for sitt kontrollutval, og inviterer også kontrollutvalsmedlemmer frå andre kontrollutval i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane til å delta. Kurset kostar 900,- pr. deltakar.

Tema er: kommuneøkonomi i Møre og Romsdal, Kontrollutvalet sin uttale om årsrekneskapet, Sentrale moment for å forstå kommunale rekneskap.

Utvalet må ta stilling til om nokon frå utvalet skal delta på kurset. Påmeldingsfrist 15. februar.

Kurs i kommunale rekneskap

Kontrollutvala skal gi uttale om årsrekneskapet til kommunestyre/fylkesting. Det er då avgjerande at medlemmane har grunnleggande forståing og kunnskap om sentrale rekneskapsprinsipp i de kommunale rekneskapa, samt kunne lese og tolke tala.

Med bakgrunn i dette inviterer kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune til kurs som kan bidra til å betre kunnskapen om kommunale rekneskap

Dato: 2. mars 2017 kl 12:00 – 15:30

Sted: Møterom 102 på Fylkeshuset, Molde

Deltakarpris: kr 900,-

Påmeldingsfrist: 15. februar 2017 (bindande påmelding)

Påmelding til: www.tor.harald.hustad@mrfylke.no

Agenda:

- Kommuneøkonomi i Møre og Romsdal
 - v/seniorrådgivar Sissel Hol, Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Kontrollutvalet sin uttale om årsrekneskapet – kort om innhald og praksis
 - v/kontrollsjef og statsautorisert revisor Tor Harald Hustad, Møre og Romsdal fylkeskommune
- Sentrale moment for å forstå kommunale rekneskap
 - v/ registrert revisor og daglig leiar Åge Sandsengen, Kommunerevisjonen IKS